02-May-2017

Hosteland, 18.04.17

Masfjorden kommune
ved Sakshandsamar Helga Ellingsen

Svar på høyring om lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune.

Sak 1-17 Styremøte i Nordbygda pensjonistlag

Vedtak: Styret i Nordbygda pensjonistlag gjekk gjennom innhaldet i forskrifta og konkluderte med at lokalforskrifta tok vel omsyn til ulike sider ved tildeling til, og pleie av personar som treng langtidsplass på sjukeheim eller tilsvarande bustad
Forskrifta er, etter vår vurdering, ei god rettesnor for korleis ein hjelpetrengjande best mogeleg vert hjelpt i ein vanskeleg livsperiode.
Me kan ikkje så langt sjå at det er noko i forskrifta me elles bør ha merknad til.

For styret i Nordbygda pensjonistlag

Håkon Torsvik — skrivar
Henrikke Ynnesdal — Leiar